

Arthur Schopenhauer

22de februar 1788 — 21de september 1860

AV

ASBJØRN ØVERÅS

(Biografi på Høytidsdagen 26de februar 1960)

ARTHUR SCHOPENHAUER, som selskapet vårt hyller i dag, på sin 200-årige høgtidsdag, er nok trass i slike prominente medlemmer som opplysningsfilosofen D'ALEMBERT, botanikaren LINNÉ, fysikaren NIELS BOHR og våre egne geniale medlemmer t. d. ABEL og WERGELAND, eit av dei fremste og merkelegaste namn i våre medlemslister i desse 200 åra, ein av dei som frå verdshistorisk synsstad har sett dei djupaste merke etter seg og. Og knapt nokon har kasta slik glans over selskapet vårt, for det var her han å seia vart oppdaga, og det var her, nett i denne salen, han for 121 år sidan fekk si einaste offentlege påskjøning i sitt 72-år lange liv. Då det også i år, 21. sept., er hundre år sidan han døydde, kan det vera dobbel grunn for oss til å heidra hans minne i dag.

Etter sin død fekk Schopenhauer alltid nok ære; han vart «hundreåret sin filosof», det alt verdotter til Goethe døypte han. Og sjølv Goethe, som han i fleire år kom mykje ilag med, sa om den unge Sch.: «Han kjem ein gong til å veksa oss alle over hovudet». Men utanom denne «kongen i diktinga si verd», her geni møtte geni, møtte han lita forståing. Hegels filosofiske diktatur hindra det. Men etter sin død fekk Sch. stort følgje, RICHARD WAGNER og FR. NIETZSCHE mellom dei fremste. Og hans filosofi merkte sterkt mange diktarar, m. a. TOLSTOI, STRINDBERG, FR. HEBBEL og THOMAS MANN, og her heime IBSEN («Keiser og Galilæer»), GARBORG, OBSTFELDER, ja, jamvel Bjørnson og Øverland studerte i si tid Schopenhauers problemfylte filosofi. Og kanskje endå fleire studerte hans stil, ein formens meister han var. Som diktar måtte han ha vorti noko à la DOSTOJEVSKIJ, slik han gruvla og grov i livsens liding og tunge flokar, pessimistisk einstøing han var. TOLSTOI sa ein gong: «For meg står Schopenhauer som det mest geniale av alle menneske.» Wagner kalla hans geni ei «openberring». Og den unge NIETZSCHE, som meir enn nokon annan har soga kraft or Schopenhauers filosofi, stod lenge trollbunden: «Her såg eg inn i ein spegel, der eg skoda verda, livet og meg sjølv

i ein fælsleg stordom. Her såg eg og kunstens interessefrie solauga, her såg eg sjukdom og lækjedom, vonløyse og livdarstad, helvete og himmel.»

«Livet er ein sørgjeleg ting. Eg har sett meg føre å bruka det til å tenkja over det», sa 23-åringen Schopenhauer eingong til diktaren CHR. M. WIELAND. Læremeisteren, den store KANT, sa i si tid noko liknande: «Eg veit kva eg vil, og ingenting skal hindra meg i å gjennomføra det.» Slik møter berre geni kallskjensla. Båe heldt dei ord.

Schopenhauer var fødd i 1788, 22. februar; vi kan såleis mest feira fødedagen hans i dag òg. Faren var storkjøpmann i Danzig, men flutte til Hamburg då sonen var 5 år. Arthur var 17 år då faren døydde. Han var ein prakt- og plikt-kar som sonen ikkje finn nok ros for, også avdi han let etter seg ein stor arv, slik han heilt sorglaust kunne ofra seg for filosofien sin utan omsyn til all verdsens motgang og mangel på forståing. Dagleg kunna han seia til seg sjølv: «Dagen er din! Bruk han som du vil.»

Etter faren døydde (1805), levde mora i mange år som glad fetert enkje og mote-forfattarinne i Weimar, i lysglansen frå Goethe, som drog så mange til seg. Ho var tvillaust intelligent, men «nytesjuk og behagesjuk, utan både hjarte og sjel», er ein samtids karakteristikk av henne. Sonen lo høgt, då han høyrde den. Tilhøvet til mora var knapt aldri godt. Likevel hadde han det faste synet at evnene sine hadde han frå mora, karakteren frå faren. Goethe såg sine foreldre på same måten, berre med den skilnaden at han forguda den festlege mor si. Så nære desse to stormenne stod kvarandre, har dei kanskje og drøft sine opphav saman, så likt dei ser på dei.

Det låg tunglynde og sinnssjukdom til farsslekta. Det galdt både farmora og to farbrør. Mogleg var drukningsulukka til faren eit sjølv-mord i sinnsvirring òg. Schopenhauer ber såleis på ein mangslungen arv. Sjølv er han plaga av sjelelege anomaliar som ligg tett opp til reine galskapen, t. d. forfølgjingsmanien som heldt tak i han livet ut, likeceins lange sterke angestperiodar, då han kunne liggja med ladd revolver ved senga. Hjernen var likevel klår. Geni og sinnssjukdom går ofte saman i den eine personen, veit vi. Tenk berre på Nietzsche og Strindberg! Eller på Kierkegaard, når han seier: «Jeg er ikke et Menneske. Jeg er tungsindig indtil Grændsen av Sindssvaghed.»

Heilt imponerende er den livsviljen han møtte dette vanskelege lyndet sitt med, og alle dei påkjenningar han hadde. Han prova beint fram sjølv læra si om den blinde viljen til liv i all skapningen. Han hadde i henne ei mental motvekt mot dei farlegaste kreftene i sitt sinn. Filosofien hans spring mykje ut or eiga røynsle, or eigen natur, like eins teorien hans om livsens liding og verdløyse. Den svenske Schopenhauer-eksperten dr. AHLBERG seier desse råkande orda: «Och fick han (Sch.) som faddergåva en skärva av djävulens trolspegel, som kom honom at se allt i svart, så fick han och av goda gudar det rena, geniala blick, för vilken världen kan ligga ljus och morgonfrisk som på skapelsens första dag.»

Vi kjenner svært godt til Schopenhauers liv. Han var m. a. med på lange

utanlandsreiser, tils. i 4 år, mellom 9-årsalderen og 17-årsalderen. Han gjekk ei tid på privat skole både i Frankrike og England. Og då mora førte dagbøker og skreiv reiseskildringar, og guten jamt fører dagbøker, kan vi tydeleg følgja utviklinga hans. Ein merkar tidleg opplegget til den kritiske og pessimistiske filosofen. Han er særleg hard mot England. Det treng t. d. «ein sannings fakkell til å lysa opp i sitt egyptiske mørker». Han «hatar heile nasjonen». Sidan finn han somt verdfullt der òg. Berre 16 år gammal var han komen til at verda må vera meir eit djevelens verk enn skapt av nokon allgod Gud. Han er gripen av livsens elegdom, ordlegg det òg i eit dikt:

«Finst høgare mål for mannsens harde strev
enn heilt å overvinna
det tomme jordlivs aude armod,
der hjartans suter aldri kan bli stetta,
om også lengten sprengjer brystet sunder?
Kor gildt det vori at med lette steg
få vandra gjennom livsens ørken
med fot som ei tilsulkast blir av støvet,
med augo stendig vend' mot himlens blåne.»

Dette vesle verset er kalla det reine preludium til Schopenhauers seinare filosofi. Vi møter alt både hans pessimisme og det som måtte føra til hans atterløyings-teoriar her, på det buddhistiske planet, og det syner samstundes den trongen som måtte få han til å finna fram til Platons idé-lære.

Utanlandsreisene skulle eigenleg vera førebuing for han til å bli forretningsmann som faren. Kontorpraksis i to år vart mislukka verk. Han gret som eit barn då mora — han var 19 år gammal — gjekk med på at han byrja på eit gymnasium og skulle få studera. Det vart straks kjempeframgang i alle fag, endå han skreiv smededikt om byborgarane, «filistrane», og laut jamvel forlata gymnasiet av den grunn. Etter to år kunne han likevel gå i gang med medisinsk studium. Det vart også kort. Filosofien låg i hovudet. «Tak først fatt på PLATON og KANT før De går laus på andre filosofar!» sa ein professor til han. Han så gjorde. Eit merkeleg hende. Desse to vart i røynda dei einaste han heldt fast på gjennom heile livet. Dei vart iminsto sjølv grunnlaget, utgangspunktet, for hans eigen filosofi. I Berlin høyrde han m. a. førelesningar av Fichte og Schleiermacher, men møtte dei båe med stor skepsis. Ingen heldt mål som Goethe. «Alt som kjem frå Dykk, er meg heilag», skreiv han eingong. Med han diskuterte han filosofien sin, og dei studerte fargelære saman òg, der Sch. tildels hadde egne teoriar, m. a. at det kom mykje meir an på dei augo som såg enn på dei fysiske og kjemiske eigenskapane til fargane. Resultatet fekk han prenta i ei avhandling «Über das Seh und die Farben». Goethe er no klår over at Sch. er «med eit visst skarpt eigen-sinne oppteken med å førebu eit tidvende i vårt nyare filosofiske kortspel. Det

spørst berre kva herrane av faget vil akseptera». Goethe var langsynt som vanleg. Akseptering vart det ingen tale om, før den tids filosofiske herrar var døde. Den førekjensla hadde nok Schopenhauer sjølv òg. Det er eit underleg geni-slektskap mellom desse to, vismannen, den harmoniske diktaren, og den disharmoniske filosofen. Sch. nyttar fleire gonger motto frå Goethe til arbeida sine, m. a. i 2. bandet av hovudverket sitt, «Die Welt als Wille und Vorstellung»: «Warum willst du dich von uns Allen und unsrer Meinung entfernen? — Ich schreibe nicht euch zu gefallen, Ihr sollt was lernen.»

Visste ein ikkje orda var Goethe sine, måtte ein tru utan vidare dei var av Schopenhauer.

I doktoravhandlinga si (1813) om grunnloven for all sannkjenning, byggjer han vidare på Kants erkjenningssteoriar. Han kallar seg no «Kants sanne og ekte tronfølgjar». Han finn at alle førestellingane våre står i ein lovbunden samanheng. Når det gjeld logikken dreiar det seg om relasjonen grunn — følgje, i fysikken om årsak — verknad, i matematikken om tid og rom, og i etikken har det å gjera med tilhøvet motiv — handling. Han held fram at alle ting overalt og alltid berre skjer avdi det må skje. 6 år etter, i 1819, han har no hatt nokre gode skapingsår i Dresden, kjem så hovudverket, «Die Welt als Wille und Vorstellung» (b. I) med Goethe-mottoet: «Ob nicht Natur zuletzt sich doch ergründe?». Svaret er ja. Gjennom fordjuping i sitt eige indre meiner han her å ha trengt inn til livsens og naturens inste og siste grunn. Kant stogga ved «Das Ding für mich». Vår erkjening rettar seg ikkje etter naturen, men naturen rettar seg etter vår erkjening. Forstanden føreskriv lovene i naturen, sa Kant. Det som var attom menneskeleg røynsle og sannkjenning, «Das Ding an sich», høyrde tru og religion til — og var, og burde vel òg vera det for ein såpass religiøs personlegdom som Kant — eit terra incognita. Men Schopenhauer stig over tanketerskelen, inn mot det irrasjonelle, der vit og fornuft berre er ein underordna reiskap, tenar, for det Sch. finn er siste og djupaste krafta i all skapningen, organisk og uorganisk, smått og stort, sjølv livsviljen eller livsdrifta, som såleis er «Das Ding an sich», tingen i seg sjølv. Sch. lever i ein lukkeleg skapingsrus. Verket hans har vaksi fram like naturleg «som eit barn i mors liv». Og han må bruka orda til ei mor: «Eg er velsigna med livsfrukt.» Han trur på verket. Det er resultatet «av ei i høgste grad samanhengande tankeverksemd, som aldri før har komi i nokon menneskehjerne». Og det er «kjemisk fritt for heile det høgt-tråvande og tome ordsqualder til Hegel og hans følgjesmenn, liksom det er fri for den breie og overflatiske pratsjuka i perioden før Kant,» seier han. Og det er tydeleg og klårt, og har jamvel venleik. «Berre den som har ekte eigne tankar, har ekte stil,» legg han stolt til, og med geniet sin rett. Han har funni ein framtidveg, over frå romantikkens spekulative tankesystem inn mot det ukjende sjelelivs irrasjonelle haller, dit t. d. FREUD seinare kom frå ein annan kant.

Vil ein forstå filosofien hans, må ein lesa boka to gonger, seier han i forordet. Og ein må kjenna grunntankane i doktoravhandlinga hans, vidare Kants hovud-

verk, som var «die wichtigste Erscheinung, welche seit zwei Jahrtausenden in der Philosophie hervorgetreten ist.» Og sjølv sagt må lesaren kjenna «den göttlichen PLATON», dvs. utforminga av idé-læra hans. Og endeleg, for å vera fullbudd til å forstå, må han «die Weihe uralter Indischer Weisheit empfangen und empfänglich aufgenommen haben.» Full av framtidsvoner sende han manuskriptet til dette hovudverket sitt til prentings. I ånda såg han kor det vart reist minnesmerke over seg. Og så drog han på eitt års herleg Italiaferd, til Venezia, Firenze, Roma og Napoli. Han var 31 år, og dyrka glad alle heidne gudar, framom alle Venus og Bacchus, seier ein biograf. Det vakre laut ofte vika for dei vakre. Asket og heilagmann såg han som høgste livsform, men om seg sjølv sa han at han visste korleis ein heilag burde vera, men sjølv var han ingen heilag. Ei kvinnehistorie i Venezia hindra at han ikkje møtte lord BYRON der, endå han hadde med seg rekommandasjonsbrev til han frå sjølv Goethe. Heller ikkje Italias store pessimistiske diktar GIACOMO LEOPARDI kom han i kontakt med, og arga seg etterpå — så fint eit høve det hadde vori til at dei tre største pessimistane i verda kunne ha møtt kvarandre! skjemta han. Det vart tunge år etter han kom heim. Boka hans vart tagd i hel, eller det som vart skrivi, var lite bra. Men livsviljen, optimisten i denne forunderlege pessimisten, var urokkeleg: «Det metall eg og verket mitt er støypt av, er ikkje nett noko vanleg på denne planeten. Tilslutt blir det prøvt og står seg. . . Ikkje ti års togn til skal greia knekkja denne overtydinga mi.»

Han kvalifiserte seg no til dosent ved universitetet i Berlin, hadde jamvel ein vellukka offentleg disputas med sjølv Hegel, ein oratorisk meister Sch. også var, men studentane heldt seg borte frå førelesningane hans, — i universitets-katalogen stod han i 16 av 24 semester, men førelas berre i eitt: det første vart òg hans siste! Eit unntak var ein omtale frå diktaren og kritikaren JEAN PAUL, som skreiv om «Die Welt als Wille und Vorstellung» at det var genialt, djervt og mangslungi og fullt av skarpsinnige og djupe tankar, men hadde ofte eit vonlaust, botnlaust djup som den melankolske sollause sjøen i Noreg, kransa av høge fjell, men høgt over har stjernehimmlen. (Denne sjøen skal vera Strynsvatnet).

«Die Welt ist meine Vorstellung» er Schopenhauers greie kantske utgangspunkt, dei første orda i boka òg. Verda eksisterer berre som ho formar seg i medvititet vårt gjennom sansane våre, ordna ut frå den filosofiske grunnloven hans om årsak og verknad, tid og rom m. m. Verda er difor berre ei førestelling, ein illusjon og eit blendverk, eit syn han fann att i gammalindisk religion, i Vedadikting og hos Buddha — ein statue av Buddha hadde han elles sidan i arbeidsromet sitt. I den indiske filosofi og religion fann han òg att sitt eige syn på livet, at det var ei lidning frå fødsel til død, og at opphavet til all lidinga er sjølv livsviljen, livstørste og lidenskap, krav etter sansenyting og makt. Vil ein bli kvitt denne lidinga, må ein kvitta seg med årsakene, få sett livsviljen sin ut av funksjon. Det kan skje gjennom eit heilag liv, askese, sjølvoffer og universell medkjensle. Eller ein kan gløyma seg sjølv i rein ekstatisk kunstopleving, framom alt i musikken — eit syn som sterkt inspirerte RICH. WAGNER. Musikken er så å seia eit adekvat bilete

av sjølv verdsviljen, Kants ukjende X, tingen i seg sjølv utanfor all sannkjenning. Tanken, vår fornuft, er for Sch. berre overflatekrusingar i vårt veldige sjelshav, der så mange slag ukjende krefter driv sitt ukontrollerte spel. Filosofen talar her som ein moderne psykolog. Ein nordmann kan undra seg over kor stor rolle dette har kunna spela for Ibsens psykologiske dikting seinare.

Djupaste draget i denne vår sjels underverd var likevel sjølv livsviljen, uttrykt stoffleg i all natur. Verdsens inste vesen er altså vilje, livsdrift, stormande blindt fram frå form til form, frå eksistens til eksistens. Hos dei høgste skapningane kjem forstanden ordnande inn, men har berre tenarplass underordna viljen til liv. Her går han sterkt imot Kant, og endå meir mot Hegels fornuftsregjereri. Det geniale mennesket kan likevel frigjera seg frå sjølv viljetrældomen, frå alle illusjonane og all umetta livstrong, og såleis oppheva all personleg interesse i livet. Ein blir nøytral tilskodar til det som skjer. — Vår lyst er berre innbiling, noko vi i stutte augneblinkar kan kjenna når livstørsten på eikor vis blir stetta. Menneskemillionane lever i armod og naud; dei få rike keiar livet av seg. Livet er ei forretning som lite løner seg. Best av alt ikkje å vera fødd, dernæst på eikor vis fornehta eller sletta ut livsviljen, så ein blir utan handlingsmotiv. Det gjeld om å få ein ende på livsviljens nifse leik med oss, for mennesket er den ulukkelegaste av alle skapningar. Grov egoisme dominerer all verda. Noko individuelt æveliv finst heller ikkje.

«Kvart menneske vil helst vera verdsens midpunkt. Undergang for alle andre vedkjem det ikkje sålenge eins eige eg er utanfor...». Kjelda til alt vondt i menneskelivet er og blir den grenselause egoismen vår. Det gode derimot får si kraft frå medkjensla, som er det verkelege moralske grunnlaget. I orda *Neminem laede; imo omnes, quantum potes juva* («Sår ingen, hjelp alle så mykje du kan») ser han det heilaste og reinaste grunnlaget for menneskeleg livsføring. Gjennom politikk og statsinstitusjonar er det lita von om å forbeta verda. Ho er for vond til å bergast med ytre rådgjerder. Han reknar med at all menneskeleg fornying berre kan skje ved ei reint mental atterføring, ei allmenn hugvending til å vilja og gjera det gode for sine medmenneske, eit slag «moralsk opprustingssyn», som han godkjenner teoretisk, men som lite duger i livsens kvardag. Kravet ligg over all menneskeleg natur og evne. Berre reine unnataksmenneske kan makta tilinkjegjera sjølvkjærleiken i seg. Pessimisten Schopenhauer slår såleis fast at the human being her beint fram står framfor eit «Over ævne»-krav, for å nytta eit Bjørnson-ord. Ein kan ikkje løfta seg sjølv etter håret. Vi er og blir slavar av livsvilje og livsdrifter.

Schopenhauers pessimistiske nei til livet p. g. a. livsviljens harde utfaldingsstrong, blir hos eleven NIETZSCHE til eit mektig ja i hans utvida lære om viljen til liv til vilje til makt, denne som skaper overmennesket, skapningens herre i potensert utfalding, eit syn både brukt og misbrukt av nazistane.

For Schopenhauer, som så å seia berre levde i viljeproblemspørsmål, måtte det vera eit funn då han i 1837 kom over DKNVS's prisoppgåve: «Kan Menne-

skets frie Vilje bevises (udledes) af dets Selvbevidsthed?» — i Tyskland kunngjort på latin. Hans svar blir stutt dette: Om vi i vårt medvit kjenner ein slags fridom, er det berre illusjon. Står vi i valet och kvalet, er det ikkje vår vilje, men det sterkaste motivet i oss som avgjer handlinga vår. Sch. skil sterkt mellom å vilja og å kunna — Ibsen er nok helst noko hans lærling her òg. Å vilja kva som helst, står ikkje i nokons makt. Viljen er like sterkt avhengig av motivvalet som pendelen av tyngdekrafta, som jorda av sin gravitasjonsbane, og motivvalet er knytt til karakteren, som er medfødd og konstant. Viljen, «Das Ding an sich», er karakterbunden i sitt opphav, den gong mennesket hadde sitt val «i tidenes morgon», og han varer til livsens ende, døden. «Die Freiheit ist also ... nicht aufgehoben, sondern bloss hinausgerückt,» un mystère, som han seier i mottoet, og det er lite tilgjengeleg for vår erkjenning. Våre gjerningar karakteriserer han med eit par små Schiller-vers i «Wallenstein»:

«Des Menschen Thaten und Gedanken, wisst!
Sind nicht wie Meeres blind bewegte Wellen.
Die inn're Welt, sein Mikrokosmos, ist
Der tiefe Schacht, aus dem sie ewig quellen.
Sie sind notwendig, wie des Baumes Frucht,
Sie kann der Zufall gaukelnd nicht verwandeln.
Hab' ich des Menschen Kern erst untersucht,
So weiss ich auch sein Wollen und sein Handeln.»

Og han endar prisoppgåva si med desse understrekingane av innhaldet:

«Mit einem Wort: Der Mensch thut allezeit nur was er will; das liegt aber daran, dass er schon ist was er will. Denn aus dem was er ist, folgt nothwendig Alles was er jedesmal thut. Betrachtet man sein Thun objektiv, also von Aussen, so erkennt man apodiktisch, dass er wie das Wirken jedes Naturwesens, dem Kausalitätsgesetz in seiner ganzen Strenge unterworfen sein muss; subjektiv hingegen, d. h. von Innen, fühlt jeder, dass er stets nur thut was er will. Dies besagt aber bloss, dass sein Wirken die reine Ausserung seines selbstigen Wesens ist; dasselbe würde daher jedes, sogar das niedrigste Naturwesen fühlen, wenn jedes fühlen könnte.

Die Freiheit ist also durch meine Darstellung nicht aufgehoben, sondern nur hinausgerückt, aus dem Gebiete der einzelnen Thaten, wo sie erweislich nicht anzutreffen ist, hinauf in eine höhere, aber unsrer Erkenntniss nicht so leicht zugängliche Region; d. h. sie ist transscendental. Und dieses ist denn auch der Sinn, in welchem ich jenen Ausspruch des Malebranche verstanden wissen möchte «la liberté est un mystère», unter dessen Aegide gegenwärtige Abhandlung die von der Königl. Societät gestellte Aufgabe zu lösen versucht hat.»

Schopenhauer er klår over at avhandlinga hans har eit farleg innhald, i strid med vanleg kristeleg syn på den frie viljen, ja, «ist den Schwachen und Unwissenden anstössig». Men ein filosof lyt vera ærleg. Og han veit han her skriv ikkje for nokon masse, men for skarptenkte domarar i eit opplyst Akademi, som har sett seg til mål med prisoppgåva å tena sanninga, og ikkje å få fastslegi fordomar.

At det vart vårt selskap som i røynda oppdaga Schopenhauers stordom, har sin særlege bakgrunn: For det fyrste: Schopenhauers naud og pine. Han laut freista alle utveggar. Den eine førde til Trondheim. For det andre: Oppgåva, som selskapet sette opp, galdt hans eigne problem. For det tredje: Vårt selskap hadde då nett den rette preses, rektor FR. MOLTKE BUGGE, ein heilt uvanleg skarptenkt mann, m. a. med innstilling til filologisk embetseksamen og tilboden professorat ved Universitetet i klassisk filologi 27 år gammal. Etter beste tysk førebilete var han nyhumanist på sin hals, Platon- og Kant-dyrkar som Schopenhauer. Ein sjeldan analytisk hjerne, som jamt var oppteken med religiøs-filosofiske spørsmål. Religiøst sett stod han likevel med eine foten i tysk-pietistisk herrnhutisme, han som faren, biskop, dr. theol. P. O. BUGGE. Dette hindra ikkje at han, straks DAVID STRAUS's sensasjonelle bibelkritiske bok «Jesu Leben» kom ut (1835), studerte boka og polemiserte mot denne, dette ei bok Schopenhauer også var sterkt oppteken av samtidig. Bugge strevar i denne tida hardt med å forsona den klassiske livsdyrkaren i seg med herrnhutaren. Og han var alt komen så langt at han kunne seia: «Gudskjelov! Det er ikkje lenger nokon motsetnad mellom tru og vitskap.»

Eit par år før hadde prisoppgåva denne ordlyden: «Besidder ethvert intelligent Væsen nødvendig Frihed?» Ein ung norsk botanikar, NICOLAI LUND (døydde diverre alt i 1847 på ei botanisk studieferd til Venezuela), fekk den gongen selskapet si mindre gullmedalje, elles for ei kjempeutgreiing på 368 manuskript-sider, og det endå Fr. Bugge var hovuddomaren. For Lund var òg ein mann med uvande og radikale synsmåtar jamført med normalt norsk åndsliv, særleg religiøst sett. Han ser mennesket som «en integrerende Deel af Naturen. Alt er Materie, og Materialismen er det ene riktige System.» Dette var òg sterkt i strid med Bugges religiøs-idealistiske livssyn. Han fortel då òg korleis ein skilde av dei andre medlemene i den humanistiske klassen «ytret sin Misbilligelse over den mod den christelige Aabenbarings Aand mindre overensstemmende Tone.» Men også her finn Bugge at «Christendom og Philosophie» ikkje lenger er motsetnader: «den nyeste Tids navnkundigste Philosophie synes mer eller mindre at have antaget en mæglende Tone.» Heilt frå Spinoza og Leibniz og Chr. Wolff gjennom biskop GUNNERUS, sjølve grunnleggjaren av selskapet vårt og elev av Wolff og sterkt knytt til Leibniz's filosofi òg, hadde det komi slike «mæglende Toner» inn i norsk religiøst syn og liv.

Og etter kvart fekk Bugge rikeleg kontakt med tysk religion og filosofi av ulike retningar. Den gongen Schopenhauer kom over prisoppgåva i Tyskland,

i 1837, reiste Bugge eit heilt år der nede, på kryss og tvers, og studerte, elles på den norske staten si rekning, tysk skolestell og åndsliv. Han kom i kontakt med ei rekkje framskotne menn i kulturliv og vitskap, m. a. også «vor Landsmand Steffens». «Alene Synet af disse Mænd», («Lærde af enhver Genre») har en forunderlig elektriserende Virkning», skriv Bugge til venen prof. F. L. VIBE i Oslo. Han er heller hard i domane sine om dei fleste filosofar og teologar han direkte eller indirekte blir kjend med. Ein finn i desse krava særleg eitt viktig og reint spesielt kontaktpunkt mellom Bugge og Schopenhauer: ein felles uvilje mot Hegel. «Føler man dem (teologane) nærmere paa Tænderne, opdager man at den skinbarlige Hegel stikker i dem». Og når det gjeld desse «hegelianske Theologer ... da forekommer det mig som en hæsliq *reservatio mentalis* gaar igjennem hele deres Væsen». Han hyller den unge psykologen og filosofen FRIEDERICH BENEKE (1798–1854), som i motsetnad til Hegel og dei spekulative romantikarane djervt understrekar empirisk vitskap, «men han synes mig, uagtet hans Protest derimod, at hælde stærkt til Materialismen.» Bugge polemiserer atter mot David Strauss og gled seg over at han i EYSENMEYER, STEUDEL og THOLUK har fundet ivrige og dygtige Motstandere.» Han drøfter ERNST HENGSTENBERGS ortodokslutherske teologi, og tek for seg FR. SCHLEIERMACHER, «hvis Væsen jeg aldrig har begrebet», og det endå han hadde fått ei herrnhutisk opplæring som Bugge sjølv. Schopenhauer kjenner han tydeleg nok ikkje det minste til. Bugge liker seg i Tyskland, og fekk mange vener der, det elles både brevsamlinga etter han og alle nyinnvala av tyskarar i selskapet vårt etter han kom heim, syner. Der «er Videnskaben en Hjertesag, og ikke Mundsvær» — kven no skal ha denne siste snerten her heime. Opphaldet der verkar tydeleg frigjerande på han.

Når spørsmålet om den menneskelege viljesfridomen i røynda kom att for 3. gongen i 1837, så understrekar det klårt den aktualitet det hadde for Bugge.

Schopenhauers svar på oppgåva har tydeleg vekt ein viss strid i den humanistiske klassen, der 4 av dei framtmøtte 7 medlemene var teologar: adjunktane HOLTERMANN og HAGEN frå Katedralskolen, adjunkt J. BEGRUP ved Trondhjems Borg. Realskole, der og «litterat» BERNT AAS var lærar (ikkje teolog). Den 4. teologen var stiftsprost E. ROSENVINGE KAURIN. Dessuten juristane SOELBERG og EBBE CARSTEN HORNEMANN. Ein av klassemøte-deltakarane var heilt imot noka gullmedalje til Schopenhauer, 1 ville gje han den mindre gullmedalja. Endå eg personleg kunne tenkja meg prost Kaurin og adjunkt Hagen — alle tre adjunktane vart seinare sokneprestar — som dei som stod mest reserverte til Schopenhauers avhandling, kan ikkje dette bli meir enn ei laus gissing, men tek ein her med Begtrup òg, er dei to som var i mot den høgste prisen, utruleg visst å finna mellom desse tre. Holtermann var ein mykje liberal mann og elles sterkt knytt til Bugge på denne tida. Hagen, som kollega, har kanskje også følgt Bugge og Holtermann.

I direksjonen var vedtaket om å gje Schopenhauer den store gullmedalja og medlemsdiplom samrøystes. Medlemene var forutan Bugge hospitalsprest

FR. STORM, ein frisk og original mann (visepreses), juristen E. C. HORNEMAN (hadde òg vori på Stortinget ein periode) og ingeniørkaptein, seinare generalmajor TH. BROCH, også ein frisk og gløgg kar. Avhandlinga hadde til motto, som vi har sett, Malebranches ord: «La liberté est un mystère». Då så Bugge på høgtidsdagen 1839, den gongen den kongelege protektors fødedag, 26. januar, opna namnesetelen, «befandtes Forfatterens Navn at være ARTHUR SCHOPENHAUER, Doctor Philosophiae in Frankfurt am Main.» — Ingen av herrane synest å ha ana det ringaste om mannen attom dette namnet.

For ettertida har det vori sterkt overraskande at menn i eit fattig vitskapleg miljø og så sterkt bundne til vanleg heimleg religiøst syn, heilt sjølvstendig kunne ta ei slik uventa fordomsfri avgjersle i eit så vanskeleg emne lagt fram av ein så mangslungen tenkjar som Schopenhauer. Det har vori leita etter hjelpesmenn. Såleis har det vori gissa på professor GEORG SVERDRUP, som den fungerande direksjon i året 1836–37, medan Bugge var i Tyskland, hadde nytta som «konsulent», då den ikkje kjende seg kompetent nok til å ta avgjersler i «de philosophiske Videnskaber». Sidan Niels Treschow døydde i 1833, var det smått stell med norsk filosofi, noko ein lett skjønar når ein kjenner litt til striden om Welhavens filosofiske lektorat frå slutten av 1830-åra. Det var så å seia uår på filosofar i Noreg på denne tida. Ein av dei som var aller best orientert i religiøse og filosofiske spørsmål, var tvillaust Bugge, sjølv preses i DKNVS.

Eg har andre stader synt at Sverdrup først etter avgjersla fekk tilsendt Schopenhauers avhandling frå Bugge. Eit par månader etter utdelingsdagen (i brev frå prof. F. L. VIBE til Bugge, d. 19. mars 1839, og det tok dessutan minst 8 dagar til Trondheim) fekk Bugge greie på Sverdrups syn. Avhandlinga var «i hans Øine langt fra at være noget Mesterstykke.» Han hadde såleis knapt akseptert nokon pris! Vibe kunne derimot fortelja at han hadde møtt førre prisvinnaren, LUND, og «efter hans Udsagn var han (Sch.) en i Tyskland meget agtet Philosoph», og Lund fortalte «tillige, at TRESCHOW omtaler ham meget fordeeltigt i Indledningen til sit sidste Værk («Om Gud, Idee og Sandseverdenen», 1831–33). Så framand står såleis jamvel menn som Sverdrup, Vibe og Bugge — den siste berre for to år sidan attkomen frå eit lengre opphald i Tyskland — for ein filosof som hadde skrivi hovudverket sitt alt 20 år før! At Lund med si filosofiske innstilling hadde funni fram til Schopenhauer, er elles det ein kunne venta. Meir overraskande er det at gamle Treschow alt hadde oppdaga Schopenhauer og nemner han med slik stor vørnad i det siste store arbeidet sitt. Det er elles også filosofiske kontaktpunkt mellom Treschow og Schopenhauer, m. a. i deira sams interesse for Platon og hans idelære. Det er til gamle Treschows store ære at han har følgt så godt med. Frå Vibe får Bugge også greie på at han sjølv har sett Schopenhauer omtala eit par gonger i Tyskland, den eine gongen, trass i meldaren sine mange atterhald, som ein «wircklich ausgezeichnete Denker und Schriftsteller».

Som kjent var det i 1830-åra ein større strid mellom ny-humanistane med

Bugge til førar (og WÆRGELAND og professorane VIBE, AUBERT, SVERDRUP og SØREN BUGGE m. a. på hans side) og «realistane» med sjølv professor A. M. SCHWEIGAARD i brodden og WELHAVEN som akkompagnatør. Når Bugge har vendt seg til Oslo etter prisutdelinga, er det avdi han har vori noko uroleg over kva dei gamle motmennene hans der kunne finna på. Schopenhauers avhandling hadde ein farleg tendens — Bugge hadde fått smikkar frå den kanten for mindre! Vibe roar han:

«Jeg stansede igår (det er eit kjempelangt brev!) ved Schopenhauer. Du yttrede at Angreb fra visse Kanter ikke turde være umuligt i denne Sag. Herfor kan Du sikkert være gandske rolig. Ja, havde Spørgsmaalet gjældt Bank- eller Pengevæsen og lignende, da havde Du sikkert faaet al Landsens Ulykke, men det gjaldt jo Philosophien, som Vedkommende foragte altfor dybt, til at skulde i minste Maade bekymre seg, om andre deri erholde nogen Udmærkelse eller ei (ein rett skarp merknad retta mot juristen Schweigaard og filosofilektoren in spe, Welhaven!). Jeg har hørt disse Folk med den uforligneligste Haanlatter omtale Videnskabernes Selskab i Trondhjem, som gaves det i den hele komiske Verden intet latterligere end et Videnskabernes Selskab i Trondhjem. Som sagt, herfor kan Du være gandske rolig».

Denne vurderinga til Vibe fell elles godt saman med Welhavens harselas i «Norges Dæmring» (1834): «Du bolde Thrønder med de norske Sæder . . . hvor er den Skat, hvor findes blot den Styver, hvormed Du grunde vil din Thrønder-Hæder?» Og diktaren held fram:

«Er det dit lærde Selskab, til Exempel,
den gamle Ko, der endnu ei har malket,
der nu staar blind og lam blandt Støv og Skimmel?»

Dagen etter høgtidsfesten, 27. jan. 1839, sende direksjonen melding på latin til «Den høglærde, vidgjetne herr Arthur Schopenhauer, Dr. Philos.», om utfallet. «I det vi med desse få orda melder Dykk dette, er det ikkje så mykje vår von, som vår trygge visse, at vi med følgjene av sigeren, nemleg å ha fått ein framifrå lærd mann til medlem, vil hausta dei rikaste frukter.» Dei skriv vidare om oversending av gullmedalja og medlemsdiplomet, som etter Schopenhauers eige ynske skal sendast på diplomatisk veg, og om serprenta, 30, han ynskjer å få. Nytt brev, no på tysk, sender direksjonen han 15. juni. Oversending vil skje ved statssekretær DUE i Stockholm (seinare minister) til den svenske generalkonsulen FREINSHEIM i Frankfurt. Direksjonen ynskjer seg her tillukke med at Selskabet har fått ein medlem, «das schon längst in der literarischen Welt rühmlichst bekannt ist», og vonar Schopenhauer vil nytta litt av «Ihrer tiefen Kenntnisse und Ihres seltenen Scharfsinnes» til bate for DKNVS.

Vi har ei festleg skildring i diktaren KARL GUTZKOWS bok «Rückblicke auf mein Leben» (G. var verson til Freinsheim) om korleis Schopenhauer ofte sprang trossene hos Generalkonsulen for å høyra om ikkje sakene frå Trondheim var

komne. Den store, ein halv mannsalder seinare heilt verdskjende filosofen, er så underernært på forståing og velvilje, at det er vondt å lesa om hans harde pine gjennom ein mannsalder. Men så er då og gleda stor når alt er i orden, sist i sept. 1839. Eit rikare menneskeleg dokument enn det latinske brevet hans til Selskabet 27. sept. er vel sjeldan å finna: «Socii clarissimi! Collegae humanissimi!» er overskrifta. Han fortel først kvifor han svarar så seint. Han hadde vilja venta til sendinga kom. «Altså høgvyrde selskap, ber eg no fram mi hjartelege takk, for endå om eg vel veit at De, eine og åleine har følgd Dykkar sunne forstandsdom og rettferdskjensle, når De gav meg prisen, så kjenner eg likevel takksemnd over å ha funni så rettvisе og skarptenkte domarar, slike som ikkje ut frå deira syn, var meg til skade, at mi meining gjekk mot synsmåtane til mengda og læresetningane til somme prestar, men som det sømer seg sanne akademikarar å verdsetja sanninga høgare enn dei. . . Di meir ærar og gled det meg òg å vera oppteken som medlem i Selskabet, og eg vil for min del gjera det eg kan til støtt å syna meg verdig ei slik ære». Han vil òg i framtida senda tilskot til Selskabet. Og medalja — «ein klenod skal ho vera for meg». Vidare spør han om han sjølv kan få prenta avhandlinga — ho vart på 100 prenta sider — på tysk, så ho kan få ein større lesekrins i heimlandet hans. «De kan ikkje la vera å sjå at denne avhandlinga er skriven con amore, og at innhaldet hennar gjeld for denne og alle tider». Det er så mykje han lenge har bori på som er lagt ned i dette arbeidet. Til slutt har han denne gripande sjølvvedkjenninga: «Dessutan vil eg gjerne De skal ha kjennskap til, at eg alt er i mitt 52 år og enno ikkje har fått den godkjenning, som eg, ærleg tala, kjenner meg verdig til». Det vil enno ta år, skjønar han, «og kanskje blir eg nøydd til å nytta Pertrarcas ord på meg: «Når ein som spring heile dagen, kjem fram til kvelds, er det nok». I forordet vil han gjera greie for vensemda og storlyndet selskabet har synt han, det han òg gjorde då tida kom.

I eit svar på latin, langt og omstendeleg, d. Trondheim, 20. nov., er hovudspørsmålet frå direksjonen si side, om ein kan la dette farlege arbeidet koma ut i heimlandet hans på tysk! Poenget er at det må bli minst mogeleg lesi! — dvs. av udana menneske. Dei kan ta skade på si sjel!

«Vi har i det heile haldi det for betre ikkje å skaffa tilgjenge for udana, uvitande menneske til eit skrift som på den eine sida i hovudsaka synest vera i strid med det menneskelege sjølvmedvit og med vår heilage tru, og på den andre sida i sin flytande stil har ei slik tillokking, i si provføring ein slik styrke og konsekvens, og endeleg ein slik rikdom på grundig kunnskap, som ikkje kan anna enn fanga inn lesaren si ånd i høgste grad, og, jamvel mot hans vilje, styra han både hit og dit».

— Det måtte vera ei fryd for Schopenhauer å lesa dette og meir i same leid. Her fekk han verkeleg oppleva menn som skjøna han, og verdsette han som den tankens mann han var.

Dei slo frampå til han at han kunne gje ut verket sitt på latin. Då var det ingen fare! Men til slutt i brevet kapitulerte herrane i direksjonen. Schopenhauer

fekk følgje sitt eige samvit og ta ansvar og avgjersle sjølv. Og dei bad han på nytt om å hugsa på Selskabet, «De med Dykkar skarpsinn og rike kunnskap, når høvet byd seg.»

Same året sende Sch. ei anna avhandling som prisoppgåve til Regia Danica Scientiarum Societas, også eit mykje verdfullt arbeid «Über das Fundament der Moral.» Ho vende seg sterkt direkte mot Hegel. Men i København hadde dei ingen gløgg antihegelianar Bugge til å døma. Dei «skarptenkte herrane» der, skulle vera, vende tommelfingeren ned. Eit nytt hardt vonbrot. Forarga gav Sch. ut desse to avhandlingane saman i ei bok.

Tittelbladet talar for seg sjølv:

Die beiden Grundprobleme der Ethik
behandelt in zwei akademischen Preisschriften
von

Dr. Arthur Schopenhauer,
Mitglied der Königl. Norwegischen Societät der Wissenschaften.

- I. *Über die Freiheit des menschlichen Willens*, gekrönt von der Königl. Norwegischen Societät der Wissenschaften, zu Drontheim, am 26. Januar 1839.
- II. *Über das Fundament der Moral*, nicht gekrönt von der Königl. Dänischen Societät der Wissenschaften, zu Kopenhagen, den 30. Januar 1840.

W. GWINNER fortel at Schopenhauer seint gløynde den ulike handsaminga han fekk i Trondheim og i København, og hermer HORATS: «So Geringfügiges, so Kleines ist es, was ein Herz, das nach Lob geizt, niederwirft und erhebt.» Men Gwinner legg òg til at nederlaget i København råka ikkje berre personen. Tapet var størst for den saka og det synet han representerte: «Überhaupt sollte Schopenhauer nach dem Drontheimer Siege wenige Freude mehr an seiner Abhandlungen zur «Ethik» erleben. Zur Zeit der noch andauernden Hochflut der «Hegelei», im September 1840 herausgekommen, wurden sie keineswegs der Wichtigkeit des Gegenstandes und ihrem Werthe gemäss betrachtet.»

Og dette er om et arbeid Schopenhauer sjølv set så høgt at han seier i eit brev i 1844 at det gjeld «Werke, die man noch nach Jahrhunderten lesen wird.» (Gw. s. 473).

Både «Die beiden Grundprobleme der Ethik» og den nye tobandsutgåva av «Die Welt als Wille und Vorstellung», frå 1844, og det siste større hovudarbeidet sitt «Parerga und Paralipomena», fra 1851, sende han Selskabet då dei kom ut. Schopenhauers kontakt med DKNVS vart såleis mykje meir enn ein tilfelleleg episode. Han var ikkje berre eit namn i medlemslistene våre, som det så ofte blir til med utanlandske medlemmer.

LUDV. DAAE fortel einstad at jamvel S. KIERKEGAARD harselerte over Sch. som sende prisavhandlingar til Trondheim! Vi veit så lite om røynelege tangerings-

punkt når det gjeld desse to genia, endå så uvanleg mykje dei trass i alt må ha hatt saman i lynde og livsstemne. Vi kan minnast Kierkegaards estetiske, etiske og religiøse stadium og jamføra dette med Schopenhauers verdsetjing av kunsten, av heilag liv og askese og endeleg av den fullkomne forløysing i Nirvana, etter endelaus liding frigjord frå alle sanskrav og livsdrifter nett slik Kierkegaards religiøse liv òg var liding. Kierkegaards gravskrift ordlegg hans eige «Nirvana»-utløysing slik: «Så er den gandske Strid med Eet forsvunden». «Eit lukkeleg liv er umogleg, eit heroisk liv er det høgste eit menneske kan nå fram til», er eit Schopenhauer-ord eit av dei siste åra han levde. Det høver bra på dei baa. Då var han elles godkjend som eit filosofisk stormenne å seie over heile jorda — endå så mykje dei kunne slåst om når det galdt Schopenhauer, både mennesket og filosofen. Lidingsvegen var no slutt. «Nilen hadde nått sitt Kairo», som han sa. «Livet er stutt, lat oss elska sanninga. Eg døyr med eit intellektuelt reint samvit», sa han òg. Dei spurde han kvar han ynskte å bli gravlagd? «Det er heilt likegyldig. Dei skal finna meg likevel», svara han. «Eg sjølv finst i mitt verk». Han kunne seia dette trygt no han alt hadde opplevd å sjå seg karakterisert som «den fremste systematiske tenkjaren heile verdslitteraturen kjenner.» Samd eller usamd med Schopenhauers realistisk-analytiske, men likevel ein god del metafysiske tankeverksemd, kan ein trygt seia som professorane Schjelderup-Winsnes i deira historie om den europeiske filosofien: «Den dag i dag kan man — trass i all vitenskapelig kritikk — finne klarhet for sitt forhold til verden ved å fordype seg i fortidens store tenkere, i PLATON eller SPINOZA, i BERKELY eller KANT, i SCHOPENHAUER eller HEGEL.» Schopenhauer er den yngste av dei, og vi møter att ein god del av dei alle på ein eller annan måten i hans filosofi.

Det var, som nemnt, ikkje noko reint tilfelle at Schopenhauer vart oppdaga og fekk si einaste offentlege påskjøning her i Trondheim. Den same direksjonen med den same preses stod i eit reint serskilt høve til geniale menneske, det fortel også andre dømme enn Schopenhauer, t. d. Ivar Aasen og Henrik Wergeland. Samstundes som vi i dag heidrar og hyller Schopenhauer, minnest vi difor òg med glede og vørnad «dei skarptenkte herrane i Trondheim» som på ein så ypparleg måte den gongen representerte DKNVS.

Eit tillegg.

Ovanfor s. 10 har eg rekna med som heilt klårt at professor G. SVERDRUP ikkje kan ha hatt Schopenhauers avhandling til vurdering føre avgjersla av direksjonen om at den store gullmedalja skulle utdelast for denne avhandlinga (24. jan. 1839). I Vitskapsselskapet sine forhandlingar, b. 33, 1960, nr. 6, har professor H. L. MIDBØE gjevi att i faksimile eit privatbrev frå G. Sverdrup til rektor Bugge (Bugges brevsamling på U.B., Oslo) som kan tyda på at Schopenhauers avhandling har vori lagd fram for Sverdrup føre avgjersla i Trondheim. Noko forunderleg i denne samanhengen er likevel 1) at G. Sverdrup berre talar

om «tvende» avhandlingar, ei norsk og ei tysk, medan det var to tyske, altså 3 i alt, 2) at gjeld omtalen i Sverdrups brev 3. jan. 1839 (først feilskrivi 1838, men må visstnok vera 1839) Schopenhauers avhandling, er det noko merkeleg med den utgreiinga professor VIBE gjev i sitt brev dagsett 19. mars 1839, om lag 2 månader etter utdelinga i Trondheim, endå Sverdrups syn på den tyske avhandlinga han nemner 3. jan. 1839 og synet hans på Schopenhauers avhandling 19. mars same året ikkje kjem i nokon motstrid med kvarandre.

Personleg trur eg, det òg professor Midbøe er inne på, at ein helst må tenkja seg det gjeld dei to avhandlingane (den norske og eine tyske) som direksjonen ikkje fann verdige til noka påskjøning. For dette synet talar det òg, det ein kan sjå i Sverdrups brev nedanfor, at Bugge ikkje har bedi Sverdrup om nokon *utførelse* dom om avhandlingane. Det som skaper problema er elles ikkje berre orda «de tvende Fremmede» i Sverdrups brev, når det greitt nok er *tre* avhandlingar, men som nemnt også prof. Vibes brev frå 19. mars same året, der han fortel Bugge at Schopenhauers avhandling i Sverdrups augo langt frå var «noget Mesterstykke.»

Det professor Midbøe held fram ut fra brevet 3. jan. og nokre sitat frå Schopenhauers avhandling at Sverdrups fråsegn i dette brevet *kan* gjelda Schopenhauers avhandling, er ikkje urimeleg. På den andre sida blir ho, trass i alt, ikkje noko *prov* for at det er så, det heller ikkje Midbøe hevdar. For Goethe er tida sin åndelege helt, alt lesen og diskutert og sitert overalt i Europa i eit par mannsaldrar. Ordlaget «Knabenvolk» eller «litteraire Knabenvolk» er helst alt ein kjend ordklisje i visse krinsar. Og tilvisinga til «smaa Tanker af HUME, PRIESTLEY og andre» er svært lite å leggje vekt på når det er ei rekkje av samtids og fortids stormenn (det òg M. er merksam på) som er siterte i Schopenhauers bok, og ingen utnytta slik som I. KANT, «der grosse Lehrer der Menschheit, der ganz allein neben GOETHE der gerechte Stolz der Deutschen Nation ist» (Midbøes sitat s. 4 *kan* gje inntrykk av at von SCHELLING, som Schopenhauer går til åtak på, har fått Kants plass). Eg reknar med at *inga* avhandling om viljesfridomen ville kunne koma framom menn som Hume og Priestley, eller fleire av dei andre som Schopenhauer har nytta. Like vel. Ein kan ikkje *prova* noko på denne måten heller. Uvissa vil bli der om dette brevet. Derimot kan eg kanskje koma med ei rimeleg forklåring på at Sverdrup her berre nemner *to* avhandlingar:

I brevjournalen i DKNVS 1811–49 vil ein finna at dei to tyske avhandlingane er innkomne 28. april og 2. juni og den norske 19. juni 1838. Same dagen vedtok direksjonen å la avhandlingane sirkulera mellom medlemene i 1. klasse. Rektor Bugge har såleis hatt alle avhandlingane i hende før han 29. juli same året dro til Oslo og har sikkert hatt dei med seg dit. Som ein vil sjå av Sverdrups brev, er Bugges «Afreise» frå Oslo omtala. Ho var ca 10. oktober. Bugge kom til Trondheim 17 oktober, etter han hadde vori borte frå Trondheim i 81 dagar. Han reiste på staten si rekning, og rekninga er dagsett Trondheim 23. nov. Oppgåva hans i Oslo var å ordna med prentinga av det store tre-bands verket sitt

«Det offentlige Skolevæsenes Forfatning i adskillige tyske Stater tillige Ideer til en Reorganisation af det offentlige Skolevæsen i Kongeriget Norge.»

Dette Oslo-opphaldet til Bugge har vorti oversett av alle dei som har sysla med direksjonen si vurdering av Schopenhauers avhandling. Det er knapt nokon grunn lenger til å tvila på at G. Sverdrup også har lesi og uttala seg om Schopenhauers avhandling før avgjersla om gullmedalja for henne — trass i Vibes seinare brev om Sverdrups sterkt reserverte syn på avhandlinga. Ein må helst berre sjå dette som Sverdrup pånytt har vilja understreka at han har vori usamd med Bugge. Det kjem tydeleg fram av Sverdrups brev at dei i ei eller anna saka som vedkjem verdsetjingane og påskjøningane av slike avhandlingar i Vitskapsselskapet har vori sterkt usamde. («Dog heri ere vi jo ikke enige»). Etter det vi no veit, kva anna skulle denne usemja ha goldi enn Schopenhauers avhandling så gode vener Bugge og Sverdrup elles var? Denne har dei såleis vori ferdige med, og Bugge har dermed sjølv teki ho med seg attende til Trondheim og sett igjennom sitt eige syn både i klassen og direksjonen. Det er ingen grunn til å tru at Bugge har stukki denne eine avhandlinga under stol for Sverdrup. Men då også dei to som vart avviste, skulle vurderast — det kunne t. d. vera aktuelt med den mindre gullmedalja, og i alle høve skulle dei sendast attende til forfatterane, helst med ei viss grunngjeving for forkastninga, — så har Bugge, som helst har vori samd med Sverdrup i synet på dei to andre, bedi han om også å gå igjennom desse og gje ein stutt karakteristikk av dei ut frå sitt syn. Den 22. januar, i høgda 14 dagar etter Sverdrups brev og medsende avhandlingar kan vera komne til Trondheim, gjer klassemøtet dette vedtaket, etter Schopenhauers priskrift er godkjent med 6 mot 1 røyst:

«Med Hensyn til de tvende andre Afhandling, da var Klassen eenstemmig i, at ingen af disse kunde ansees værdige til nogen Belønning. — Hvis Directionen maatte komme til et andet Resultat, da vil Klassen ej være uvillig til at gaae ind paa dens Anskuelser.»

Eg trur, som sagt, at «de tvende andre Afhandling» her er nett dei Sverdrup skriv om, og vedtaket er heilt i samsvar med hans syn og tilråding.

Samstundes (22/1) får Bugge frå sekretæren, pastor BØDTKER, oversendt Schopenhauers avhandling «om Hr. Præsens skulde ønske at benytte den korte tid, der end staaer tilbage (2 dagar), til paa nye at løbe den igjennem.» Resultatet vart, som kjent, det samrøystes direksjonsvedtaket 24. januar (av herrane Bugge, Storm, Hornemann og Broch) om å gje den store gullmedalja og medlemsdiplom til den forfattaren som 2 dagar etter (høgtidsdagen 26/1) synt seg å vera Dr. Arthur Schopenhauer.

Då Sverdrups brev frå 3. jan. 1839 er svært vanskeleg å lesa etter faksimetrykket, har eg lati det bli tolka og reinskrivi av ein fagmann og tek det med her, slik at kvar sjølv kan vurdere verdien av brevet i denne samanhengen. Det som er heilt klårt er, at jamvel om Sverdrups heilt fellande dom 3. jan. 1839 gjeld SCHOPENHAUERS avhandling, må heideren ved Bugges sjølvstendige avgjersle bli

endå større. Ein kan elles sjå av brevet at Sverdrup reknar med at Bugge er så sjølvstendig ein mann at han i alle høve går etter sine eigne vurderingar. Dette brevet gjer altså ikkje DKNVS's ære mindre når det gjeld «oppdaginga» av Schopenhauer.

Sverdrups brev lyder in extenso:

«Frydenlund d. 3 Jan 1839.

De tvende Fremmede, som De høistærede Ven, ved Deres Afreise anbefalede mig og min William, have længe været færdige til Afreise med den Befordring, Deres Broder* har lovet dem; men jeg har ikke villet lade dem reise ganske uden Pas, og fra at udstede dette har jeg i lang Tid været hindret ved en bullen Finger, som endnu generer mig, nøder mig til at afholde mig fra de nu her værende Festumeler (?), og tvinger mig til at være kort. De ønsker jo heller ikke et udførligt Signalement — men er fornøiet med den blotte Angivelse af Hovedtrækkene i Personernes Physionomie. — Den i det norske Sprog skrevne Afhandling overgaaer, især efter min Søns Mening, den anden i Dybde i Tankerne, men mangler den tilbørlige Orden ligesom den, efter min Dom er uden stræng Følgerigtighed og fuld af Gientagelser. — Den tyske fortæner megen Roes i Henseende til Orden og Diction, viiser megen Læsning og paastaaer selv at være original — hvilket den dog ikke er — og som den selv røber sig ikke at være — da den citerer smaa** Tanker af Hume, Priestley og andre. Den løser ikke opgaven idet den ikke har forstaaet at forsone Friheden med Nødvendigheden og desuden neppe har fattet Selskabets Opgave. Ingen af Afhandlingerne fortæner efter min Mening at belønnes af et Videnskabs Selskab som ikke bør være et Asyl for det litteraire*** Knabenvolk, som Göthe kalder dem. Dog heri ere vi jo ikke enige. Hvor gjerne havde jeg Dem ikke her. Her er en riig Høst for smaa satiriske Bemærkninger, som saa vakkert krydre Deres Tale — men Arbejderne ere faa. Lev imidlertid, hvor De er, med Familie — lykkelig og tilfreds i dette begyndte Aar og glem ikke

Deres hengivne Ven
G Sverdrup»

Det er også grunn til å merka seg eit par andre ting til slutt: 1) Det ville vera stor vågnad for Bugge å leggja att Schopenhauers avhandling i Oslo, slik vegar og transporttilhøva var den gongen svarte vinteren mellom Oslo og Trondheim, når utdelinga skulle vera alt i januar. Det ser ikkje ut til at Sverdrup har hatt noko hastverk no heller. 2) Sverdrup hadde også alt lesi SCHOPENHAUERS avhandling då han skreiv dette brevet, så han hadde Goethes ord «litteraire Knabenvolk» i friskt minne, om han ikkje skulle ha kjent dei frå før.

* Rektor ved Oslo Katedralskole, professor Søren Bugge.

** «same Tanker af Hume, Priestley og andre» i Midbøes brevtolking skal vera «små Tanker» osb.
*** Ordet «litteraire» — som elles er utydeleg i brevet — har professor Midbøe sett om med «halvvoxne», men det står det iminsto ikkje. Etter drøfting med fagfolk (som elles har gjevi att brevet etter ovannemnde faksimile) må ein rekna med at «litteraire» er rett tolking.

EI LITA ETTERSKRIFT OM SCHOPENHAUER-LITTERATUR

Det er greitt at ei framstilling i eit foredrag om ein så mangslungen personlegdom som Schopenhauer og om ein så omstridd, men likevel så mektig filosofi som hans, må på mange måtar bli svært ufullstendig. Den metafysiske tankebygnad Kant la grunnen til og Schopenhauer fullførde — i filosofien si historie gjerne kalla den transcendentale idealismen (endå mange ikkje rett maktar å sjå anna enn pessimismen hos Schopenhauer) — er alt anna enn lettvinnt å greia ut om. Eg har difor funni at eg burde setja opp ei noko utførleg litteraturliste til hjelp for den som kunne ynskja å gjera grundigare studium i Schopenhauers filosofi. Han er framleis ein rett inspirerande tenkjar. Mange har freista dra fram sjølv motseiingar i hans filosofiske tankebygnad, men endå fleire har i den siste generasjonen lagt vinn på å klårleggja ting som synest å vera i motstrid med kvarandre. Som C. V. E. CARLY seier i sitt arbeid: Schopenhauer om lidandet i världen (Stockholm 1929), «åro de absolut övertygade om att Schopenhauer verkligen vetat vad han skrivit, att han grundligt tänkt över sina temata och att «motsägelserna» ej finnas hos honom, men väl hos många av hans kritici, som ej kunnat, ej hunnit eller rent av ej velat rätt förstå honom.» Svært viktige utgreiingar om dette finst i dei 39 Schopenhauer-Jahrbücher som er komne, den siste for 1959, utgjevne av det internasjonale Schopenhauer-Gesellschaft, ved W. Kramer & Co, Frankfurt am Main. Formann for selskapet er Dr. ARTHUR HÜBSCHER, München, blant styremedlemene Dr. FRANZ MOCKRAUER, Bromma, Stockholm, nettopp vår gjest ved vår 200-årige høgtidsdag og minnefest for Schopenhauer.

Det prenta foredraget ovanfor er delvis noko utvida.

*

Arthur Schopenhauer: Sämtliche Werke. Nach der ersten, von Julius Frauenstädt besorgten, Gesamtausgabe neu bearbeitet und herausg. von Arthur Hübscher. 7 Bde. Leipzig/Wiesbaden 1938 fg., Verlag Brockhaus.

Arthur Schopenhauers sämtliche Werke, herausg. von Paul Deussen u. a. Bd. I-VI, IX-XI, XIII-XVI. München 1911 fg., R. Piper & Co. Verlag.

Fleire av bøkene er ellers å få einskildvis. Andre arbeid:

Arthur Schopenhauer: Reisetagebücher 1803-04, (1923), ved Charlotte von Gwinner.

W. GWINNER: Schopenhauers Leben, (første utg. 1878, tredje 1910).

J. VOLKELT: Arthur Schopenhauer. Seine Persönlichkeit, seine Lehre, sein Glaube. 3. utg. (1907).

ALF. AHLBERG: Arthur Schopenhauer. Hans liv og filosofi (1924).

KUNO FISCHER: Schopenhauers Leben, Werke und Lehre. (B. 9 av «Geschichte der neueren Philosophie»).

HEINRICH HASSE: Schopenhauer, München 1926, Verlag Ernst Reinhardt.

Jahrbuch der Schopenhauer-Gesellschaft, eller Schopenhauer Jahrbuch, b I-XXXX, Kiel, Heidelberg, Frankfurt am Main 1912 fg.

GEORG SIMMEL: Schopenhauer und Nietzsche (1907).

KARL JOËL: Schopenhauer und die Romantik (i Joëls bok om «Nietzsche und die Romantik» (1905)).

CARL BÄHR: Die Schopenhauer'sche Philosophie in ihren Grundzügen (1857).

(Dette er den første kritiske drøfting av Sch.s filosofi og er prenta i Schopenhauer Jahrbuch 1931).

I Sverige vil ein finna ein del Schopenhauer-arbeid på svensk. A. Ahlberg har m. a. eit særskilt arbeid om «Schopenhauers lära om det sköna». G. A. Jæderholm og C. V. E. Carly har gjort fleire omsetjingsarbeid, især frå Parerga und Paralipomena. Elles er Schopenhauer Jahrbuch ei fin kjelde til alt om Schopenhauer, gammalt og nytt.

Av norske arbeid om Schopenhauer kan nemnast:

Foredrag av M. J. MONRAD i Vitskapsakademiet i Oslo 1871. Forhandl. s. 361 fg.

J. D. LANDMARK i *Miscellanea Nidrosiensia* (1927).

ASBJØRN ØVERÅS: «Bugge og Schopenhauer», s. 250-262, b. II, «Frederik Moltke Bugge. Kulturarbeid og kulturstrid i 1830-40-åra (1949).

— «Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab oppdagar Arthur Schopenhauer» i Nordisk Tidskrift, s. 295-311, (1950).

Denne siste utgreiinga er og prenta i Schopenhauer Jahrbuch 1958, b. XXXIX, s. 76-92.

CARL NORUP: «Søren Kierkegaard og Arthur Schopenhauer» (i «Vor Verden», 1925).

AUGUST WOLFF: «Søren Kierkegaard og Arthur Schopenhauer» (i «Nær og Fjern», 1878).

H. K. SCHIEDERUP og A. H. WINSNES: Den europeiske filosofis historie (1959) er ei nyttig handbok.